Opplæringsfartøy AS

Organisasjonsnummer 984368879

Forhandlingsutspel til reforhandling av låneavtale for lån gjeve av Sogn og Fjordane Fylkeskommune til Opplæringsfartøy AS på kr. 1.000.000,- den 15.06.2010.

Opplæringsfartøy AS sender dette forhandlingsutspelet med bakgrunn i ***pkt. 2 i den ansvarlege låneavtala datert 15.07.2010:***

> 2. Forfall , renter og avdrag
> Lånet skal vera rente- og avdragsfritt i perioden fram til 31. august 2016. Dersom låntakar og långjevar innan denne dato ikkje er einige om ei lenging av låneavtalen til reforhandla vilkår, forfell heile lånet til betaling den 31. august 2016.

Samt vedtaket i sak nr.: ***10/3439-1- Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS***.

På grunnlag av nemnde låneavtale, så vart det på ordinær generalforsamling i Opplæringsfartøy AS den 27.06.2016 diskutert i eiga sak korleis styret i selskapet skulle handterer låneavtala vidare.

Styret meiner at dei krava som var sette til selskapet, i låneavtala og i saka, er innfridde. Selskapet har dei to siste åra hatt overskot på drifta, og ein har no fått nedbetalt all leverandørgjeld. Ein har framleis svak likviditet, men ein brukar ikkje lenger kassakreditt, og ein har mål om at ved årsslutt 31.12.2016 skal ha opparbeida såpass likviditet at ein kan planlegge mellomklassing av fartøyet sommaren 2017.

Aksjekapitalen på kr. 784 000,- som nærast var å rekne som tapt, er no opparbeidd igjen, og selskapet har pr. 31.12.2015 ein eigenkapital på kr. 800 928,-

Lån i Nordea er nedbetalt ihht. opprinneleg nedbetalingsplan, og det gjenstår pr. 31.06.2015 totalt kr. 246 000,- i lån.

Lån 1 Nordea: Kr. 193 000,-
Lån 2 Nordea: Kr. 53 000,-

Lånet vil bli nedbetalt i løpet av inneverande år, og det vil lette økonomien til selskapet betydeleg.

Selskapet har jobba hardt for å forbetre den økonomiske situasjonen, samstundes som at ein har jobba med å ta igjen forsømt vedlikehald. Ein ha i denne prosessen også gått frå to til ein tilsett, då skipper gjekk av med pensjon, og ingen ny blei tilsett. Dette er ein situasjon som må vurderast om er heldig på sikt.

Selskapet er inne i ein positiv periode, og at ein no også skal begynne prosjektering av nytt fartøy, gjev dei involverte i selskapet tru på at selskapet har ein viktig samfunnsmessig funksjon.

Generalforsamlinga diskuterte korleis låneavtala, og reforhandling av vilkåra skulle handterast av styret. Sidan selskapet har oppfylt alle kriterier i låneavtala, blei vedtatt å gå i dialog med FK om lenging av låneavtala.

Generalforsamlinga vedtok forslag til lenging av låneavtale med tre alternative forslag til løysing.

1. 2 år utsetting på innløysing av lån, for å få avklart prosessen rundt erverv av nytt fartøy.
2. Starte nedbetalingsplan over 4 år, frå 2017, med årlege avdrag på kr. 250 000,-.
3. FK ettergjev lånet.

På vegne av selskapet ber eg difor om at FK inviterer til reforhandling av låneavtala, og at denne prosessen kan gjennomførast innan fristen gjeven i låneavtala.

Måløy, 12.07.2016

Frode F. Kupen

Frode F. Kupen
Styreleiar